



Arne Maurstad
Eikelandsvegen 54
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1773 - 19/18425

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
02.09.2019

Melding om mangel ved septiktank - GBNR. 43/57

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forureiningslova (forurl.) og har plikt til å følgja opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forureiningslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga syta for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege syta for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 21.08.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om at det er manglar ved septiktanken på eigedommen din, gnr. 43, bnr. 57, Eikelandsvegen 54, 5917 Rossland. Det er registrert lågt nivå, lekkasje frå tanken og framandelement (treplank) i den.

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at «(l)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forureining» utan at det er gitt løyve. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Framandelement i septiktanken kan også føre til at tanken ikkje let seg tømme. Dersom septiktanken ikkje blir tømt regelmessig, kan slam og avfallstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine miljøet. Lågt nivå tyder på lekkasje som fører til at det renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

I pbl. § 31-3 første og andre ledd står det mellom anna følgjande om sikring og istandsetting.

«Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, slik at de ikke virker skjæmmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene.

Blir ikke plikten overholdt, kan kommunen gi pålegg om sikring og istandsetting».

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS er i perioden juni til september 2021. Då du som eigar av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbetra septiktanken må du kontakta eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken dykkar. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre dette arbeidet.

Dersom tilstanden allereie er utbetra, ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når tanken er reparert og framandelementa er fjerna, må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendast til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 43-57 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:
Arne Maurstad

Eikelandsvegen 54 5917

ROSSLAND